

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar.

«Hordaland fylkeskommune ved seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling har delteke i referansegruppa for Bergen kommune si plan mot menneskehandel «et liv i frihet». Dette då kampen mot menneskehandel kan sjåast opp mot arbeid knytt til internasjonale levekårsutfordringar. Hordaland fylkeskommune gav innspel til utviklinga av temaplanen og fekk meir kunnskap om denne tematikken.

Hordaland fylkeskommune sin folkehelseering blei orientert om pågåande temaplanarbeid i Bergen kommune vinteren 2019. Folkehelseeringen er ei samarbeidsplattform for arbeidet med å fremje folkehelsearbeid på tvers av avdelingane hjå fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune arbeider breitt for at alle innbyggjarar i fylket skal få gode levekår. Fylkeskommunen bidreg også som arbeidsgjevar gjennom rekrutteringsarbeid, introduksjon og oppfølging av eigne tilsette til å fremje eit anstendig arbeidsliv.

Hordaland fylkeskommune har som del av samfunnsutviklarrolla merksemd på tematikken menneskehandel på ulike innsatsområder. Dette serleg knytt til FNs berekraftmål 8, eit anstendig arbeidsliv og økonomisk vekst. Døme her er Strategi for omstilling og nyskaping i industrien i Hordaland (revidert 2019). Eit av tiltaka knytt opp til rammevilkåra i industrien handlar om å «styrke tilsyn og kontrollapparat med ein tiltakspakke for å motverke sosial dumping og svart arbeid (pkt. 2.4). Fylkeskommunen er også ein samfunnsaktør når det gjeld innkjøp/anskaffingar og oppfølging av kontrakter. Gjennom innkjøpspolitikken skal fylkeskommunen gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp jfr. innkjøpsprinsipp nr. 7 etter ILO sine kjerneverdier. Dette er forankra i alle kontaktsamarbeid under punkt 1 Ethiske krav. Alle leverandørar og avtalepartnarar skal respektere og etterleve grunnleggjande krav til menneskerettar, arbeidstakarrettar og miljø.

Temaplanen til Bergen kommune er avgrensa til områder kommunen sjølv har verkemiddel på, men i nært samarbeid med andre. HFK si deltaking i referansegruppa for temaplanen, har ikkje avdekka nye områder der fylkeskommunen kan bidra, men vi er sjølvstund positive om det kjem ein førespurnad om dette.»